Statens vegvesen

MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5906 FREKHAUG

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/telefon: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
| --- | --- | --- | --- | --- |
| Region vest | Anne Marta Espelund / 55516432 | 19/298872-3 | | 30.10.2019 |

# Endring i kommunegrenseskilt i Alver kommune.

I samband med kommunesamanslåinga er det nødvendig med ei endring i dagens skilting langs riks- og fylkesvegar i Alver kommune. Nye namn og nye grenser på dagens kommunar medfører at dagens skilting ikkje er rett i 2020.

**Fylkes- og kommunegrenseskilt**
Vedlagt ligg framlegg til skiltplan for nye kommunegrenseskilt i Alver kommune. Regionvegkontoret fattar vedtak etter Skiltforskriften § 29 nr.1 om vegvisningsskilt. Det er ikkje krav om høyring, men vi sender likevel framlegg til planar over til dykk. I framlegget er det riksvegar og to- og tresifra fylkesvegar som blir skilta med kommune- og fylkesgrenseskilt.

**Informasjonstavler**
På grunn av manglande kapasitet vil vi ikkje prioritere å gjere endringar med eventuelle informasjonstavler for kommunane som blir slått saman.

**Tilbakemelding**

Det kan ta noko tid med levering av nye skilt, og vi bed difor om tilbakemelding innan 1 veke dersom de har merknader til planane, eller kjenner til kommunegrenseskilt vi har oversett.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Anne Marta Espelund
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Vedlegg: 1

Likelydande brev sendt til
LINDÅS KOMMUNE, Felles postmottak Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ
MELAND KOMMUNE, Postboks 79, 5906 FREKHAUG
RADØY KOMMUNE, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER